

Medlemar av kommunestyre har høve til å stille spørsmål til ordføraren i møtet.
Kommunestyret vedtok i møte 16.03.00 i k.sak. 0023700 følgjande reglar for spørjetimen:

1. Spørsmål skal stilast til ordførar/møteleiar. Det er opp til ordførar/møteleiar å ta avgjerd i om han sjølv svarar på spørsmålet eller overlet dette til rådmannen.
2. Ordføraren kan på eige initiativ be rådmannen gjere greie for saker i ein slik spørjetime.
3. Spørsmål som er fremja skriftleg seinast 3. dagar før møtet **skal** svarast på.
4. Spørsmål som vert fremja seinare (eller på møtet) skal svarast på i den utstrekning ordførar/rådmann finn det mogeleg. Spørsmål som ikkje kan svarast på vert eventuelt å fremje på neste møte.
5. Spørsmålsstillaren kan stille tilleggsspørsmål i møtet.
6. Spørsmålsstillaren kan ikkje krevje at saka spørsmålet gjeld vert teke opp til realitetsbehandling. Dette må i såfall skje etter reglar i § 34 nr. 1 i kommunelova.
7. Dersom spørsmål vert stilt i samsvar med ovannemnde prosedyrar, har spørsmålsstillaren krav på fyllestgjerande svar i kommunestyremøtet av ordføraren eller den han gjev fullmakt.
8. Desse supplerande reglane avgrensar ikkje kommunestyremedlemmene sin rett til å stille spørsmål direkte på møta i samsvar med kommunelova § 34 pkt. 2.